



**Ørskog kommune**  
- Sunnmørsperla ved Storfjorden -

Rådmannen

Arkiv: 91/1, L12  
Saksmappe: 12/851  
Saksbehandlar: Beate Furstrand  
Dato: 25.03.2013

**DETALJREGULERINGSPLAN FOR NYTT HESTESPORTSENTER I ØRSKOG  
KOMMUNE - HANDSAMING AV MERKNADER ETTER OFFENTLEG HØYRING.**

SAKSGANG		
Utvalssaknr.	Utval	Møtedato
016/13	Kommuneplanutvalet	08.04.2013
034/13	Kommunestyret	25.04.2013

**Samandrag:**

Ørskog Kommunestyre vedtok i sak 043/12 plassering av nytt hestesportsenter.

Plan Vest As utarbeida eit planforslag som vart handsama av Ørskog Kommuneplanutval i sak 005/13. Det vart her gjort vedtak om å leggje planforslaget med tilhøyrande føresegner og omtale ut til offentlig ettersyn.

Planforslaget vart lagt ut til offentlig ettersyn og høying i perioden 16.01.13 – 04.03.13.

Rådmannen har no vurdert dei innkomne merknadane etter offentlig ettersyn og høying, og planforslaget med føresegner og planomtale vert no lagt fram til politisk handsaming.

**Saksdokument:**

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	U	09.07.2012	Adresseliste jmf. vedlegg	Varsel om oppstart av detaljregulering jmf. pbl. § 12.8. - hestesportsenter.
2	U	09.07.2012	Bygdebladet	Annonse - onsdag 11.07.12
3	I	09.07.2012	Bygdebladet	Re: Annonse - onsdag 11.07.12
5	I	09.07.2012	Teknisk avdeling	Merknader / innspel. Varsel om oppstart av detaljregulering - hestesportsenter.
4	U	10.07.2012	Kommunelegen i Ørskog	Varsel om oppstart av detaljregulering jmf. pbl. § 12.8. - hestesportsenter.
6	I	03.08.2012	Noregs vassdrags- og energidirektorat	Innspel til oppstart av detaljregulering - Hestesportsenter - Kråa - GBnr 91/1 - Ørskog kommune.
7	I	10.08.2012	Ungdommens kommunestyre	Varsel om oppstart av detaljregulering - Hestesportsenter
11	I	14.08.2012	Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fråsegn til varsel om oppstart av planarbeid.
8	U	16.08.2012	Karlsen & Kvile As	Oppmåling og generering av høgdekurver på eit areal av gbnr.:91/1 i Ørskog Kommune.
9	U	17.08.2012	kjarn@online.no,; ter-osv@online.no,	Høying hestesportsenter-eldrerådet og rmf
10	U	17.08.2012	Grethe Leikny Gjerde	Høying hestesportsenter-eldrerådet og rmf
12	I	17.08.2012	Statens vegvesen	Varsel om oppstart av detaljregulering - uttale.
14	I	27.08.2012	Møre og Romsdal fylkeskommune	Ørskog kommune - detaljregulering - reguleringsplan for deler av gbnr 91/1 - hestesportsenter - fråsegn til varsel om oppstart
13	I	27.08.2012	Ørskog eldreråd og RMF	Høying hestesportsenter-eldrerådet og rmf

16	U	28.08.2012	alfidar.smaage@asplanviak.no; liov@cowi.no; rho@nordplan.no; post@planvest.no; saa@provar.no	Konkurransesgrunnlag - Reguleringsplan for hestesportsenter - Ørskog Kommune.
19	I	09.09.2012	Plan Vest AS avd. Stord	Reguleringsplan for hestesportsenter-tilbud på utarbeiding av areguleringsplan.
18	I	10.09.2012	Asplan Viak AS	Reguleringsplan for hestesportsenter - tilbudsbrev.
17	U	12.09.2012	Plan Vest As; Asplan Viak As	Meddeling om kontraktstildeling - Reguleringsplan Hestesportsenter - Ørskog Kommune.
20	I	21.09.2012	Arild Karlsen	koter 91/1
21	I	04.10.2012	Knut Vikestrand	Hestesport
22	I	09.10.2012	Helga Færøy	Hestesport Ørskog
23	I	12.10.2012	Knut Vikestrand	Hestesport Ørskog
24	I	15.10.2012	Helga Færøy	Hestesport Ørskog
25	U	17.10.2012	Knut Vikestrand	Hestesportsenter - forsikrings sak og framdrift
26	U	22.10.2012	Knut Vikestrand	Utkast til hestesportsenter - tilbakemelde i frå teknisk avd.
27	X	30.10.2012	Plan Vest AS	Underteikna Formular for kontrakt om prosjekteringsoppdrag.
28	I	07.11.2012	Helga Færøy	Hestesport senteret
29	I	16.11.2012	Knut Vikestrand	Hestesport
30	I	22.11.2012	Terje Vikestrand	Rev Kostnadsoverslag
31	I	27.11.2012	Knut Vikestrand	Hestesport
32	I	30.11.2012	Knut Vikestrand	Hestespoert
33	I	30.11.2012	Knut Vikestrand	Hestesport.
34	I	03.12.2012	Helga Færøy	Hestesport, status anlegg + brann
35	I	03.12.2012	Terje Vikestrand	Hestesport
36	I	04.12.2012	Terje Vikestrand	Kostnadsoverslag hestesport
38	U	15.01.2013	jmf. vedlagt adresseliste	Offentleg ettersyn - detaljreguleringsplan for Ørskog Hestesportsenter - Ørskog Kommune.
39	I	15.01.2013	Bygdebladet,	Annonse 16.01.13
40	I	15.01.2013	Plan Vest	Oversending - Reguleringsplan Hestesportsenter, Kråna - Ørskog - gnr/bnr 91/1
43	I	21.01.2013	Statens vegvesen	Uttale.
41	I	07.02.2013	NVE	Fråsegn til offentleg ettersyn.
42	I	13.02.2013	Ørskog IL	Hestesportsenter - uttale
44	I	27.02.2013	Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Detaljregulering. Fråsegn til offentleg ettersyn.
45	I	05.03.2013	Lars Innvik	Innspel til reguleringsplan for Hestesenter Kråna
46	I	05.03.2013	Møre og Romsdal fylkeskommune	Ørskog kommune - detaljregulering - reguleringsplan for deler av gbnr 91/1 - hestesportsenter - fråsegn ved offentleg ettersyn
47	I	07.03.2013	Ørskog Ride- og køyreklubb	Innspel til nytt hestesportsenter.
48	I	21.03.2013	Knut Vikestrand	Hestesport.
49	I	21.03.2013	Knut Vikestrand	Hestesport.
51	I	22.03.2013	Systad Terje	Hestesportsenter - Ørskog Kommune
52	I	05.04.2013	Knut Vikestrand	Hestesport.
53	X	18.04.2013		Reguleringsplan - ny

**Vedlegg:**

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
02.04.2013	Planomtale.pdf	70502
02.04.2013	Reguleringsplankart.pdf	70503
11.02.2013 10:35:06	Fråsegn til offentlig ettersyn.	68065
14.02.2013	hestesportsenter uttale øil050213.doc	68195
25.03.2013	FØRESEGNER.pdf	65696
21.02.2013 10:08:18	Uttale.	68386
04.03.2013 13:16:48	Detaljregulering. Fråsegn til offentlig ettersyn.	68990
05.03.2013	ØK-Hestesenter-reguleringsplan-20130304.pdf	69148
11.03.2013	Innspel til nytt hestesportsenter.	69418
06.03.2013	Ørskog kommune - detaljregulering - reguleringsplan for deler av gbnr 91 1 - hestesportsenter - fråsegn ved offentlig ettersyn.pdf	69276
02.04.2013	Merknadsvurdering i frå Plan Vest 21.03.13.pdf	70516
25.03.2013	Tilbakemelde i frå NVE - endra føresegn.pdf	70230
02.04.2013	Planomtale rev. 18.03.13 (etter off høyring).pdf	70523
10.04.2013	SV: Hestesport.	70748
18.04.2013	Reguleringsplankart - ny versjon	71356

#### Saksopplysningar:

Planforslaget vart lagt ut til offentlig ettersyn og høying i perioden 16.01.13 – 04.03.13. Det er innkomen 6 merknadar innan fristen.

Innkome merknader er førelagt reguleringskonsulenten, Plan Vest As, for deira vurdering.

#### Statens vegvesen, brev dagsett 21.01.2013.

Ingen merknad.

#### Ørskog I.L., brev dagsett 05.02.2013.

ØIL har ikkje merknad til sjølve planområde med tilhøyrande tilkomst.

Det vert peika på at trafikken knytta til Russebøvegen har auka og vil auke vesentleg. Dette vil krevje at Russebøvegen vert utvida og tillagt gang- og sykkelveg.

Det vert vidare peika på at vegen i frå Kyrkjebrua fram til Russebøvegen truleg må utvidast/omleggjast.

#### NVE, brev dagsett 07.02.2013.

NVE peikar på at sørlege delar av planområde kan vere skredutsett jmf. NGI sine aktsemdskart. Det vert vidare peika på at område er regulert til andre idrettsanlegg der ein kan føre opp utvendig baneanlegg og gang og ridestiar. Framgangsmåten for avklaring av skred i denne planen tilfredsstillar ikkje NVE sine retningslinjer når det gjeld avklaring av skredfare i reguleringsplanar.

NVE rår kommunen til følgjande før planen vert godkjent:

- Alternativ 1: NGI sine aktsemdskart blir lagt inn som omsynssone i plankartet med tilhøyrande føresegn som forbyr tiltak med sikkerheitsklasse S2/S3 for skred jamfør § 7-3 i byggtknisk forskrift (TEK 10).
- Alternativ 2: Dersom ein ønskjer å "friskmelde" aktsemdområde for tiltak som kjem inn under sikkerheitsklasse S2/S3 for skred må det gjennomførast ei skredfarevurdering før godkjenning av planen. Til dette arbeidet må det nyttast tilstrekkeleg fagleg kompetanse og det må definerast faresonegrenser i samsvar med tryggleikskrava i Byggtknisk forskrift (TEK 10). Eventuelle fareområde må innarbeidast i planen og synast som omsynssone (jf PBL § 12-6) og ha tilhøyrande føresegnar som sikrar akseptabel tryggleik.

Plan Vest As foreslår endring i føresegna sitt punkt 6.1 til følgjande:

6.1#1 - OMRÅDE MED KRAV OM NÆRMARE UNDERSØKJING

Innan bestemmelseområde kan det ikkje førast opp bygningar og anlegg for varig opphald eller byggjast vegar eller stiar for allmenn ferdsle før faren for snøras er nærare klarlagt og tiltak for naudsynt sikring er iverksett.

Vidare blir inn teikna sti i plankartet flytta utav sona.

Forslaget til endring i frå Plan Vest er førelagt NVE. NVE gav tilbakemelde på dette i e-post 22.03.13. NVE peikar på at slik føresegna er no lyt ein setje i gong kartlegging om ein ønskjer å opparbeide mindre tiltak i område noko som er lite fleksibelt. Om ein likevel ønskjer å behalde denne føresegna så har ikkje NVE merknader til dette.

#### **Fylkesmannen i Møre og Romsdal, brev dagsett 27.02.2013.**

Då hestesportsenteret skal kople seg til den opparbeida landbruksvegen til Hestvika lyt ein gjere naudsynte avklaringar for å hindre framtidige interessekonfliktar mellom hestesportsenteret og skogsdrift i område.

#### **Lars Innvik, gbnr.: 87/4, brev dagsett 04.03.2013.**

Det lyt takast omsyn til eventuell framtidig skogsdrift i område.

Det vert vist til at ein enkel skogsveg i dag går igjennom B19 utan at han har sett planar med tilfredsstillande løysning for denne.

Til slutt vert det peika på at landbruksdirektøren nemnde på møtet med kommunen 11.01.13 at det burde ha vore utarbeida ein overordna plan for framtidig skogsdrift.

Plan Vest peikar på at dette ikkje kjem direkte inn under denne planen.

#### **Møre og Romsdal Fylkeskommune, brev dagsett 04.03.2013.**

Plana er noko uryddig oppsett og bør strukturast etter plan- og bygningslova § 4-2 om planomtale. Nokre av verknadsvurderingane framstår meir som "synsing" enn som ein nøytral og fagleg omtale, mellom anna omtalen av skredfare og trafikkavvikling. Ingen øvrige merknader til planframlegget.

Plan Vest As har foreslått å endre planomtalen nokre stader, utan at innhaldet er endra.

#### **Vurdering:**

ØIL peika på at trafikken knytta til Russebøvegen har auka og vil auke vesentleg. Dette vil krevje at Russebøvegen vert utvida og tillagt gang- og sykkelveg.

Kråvegen og Ryssebøvegen kjem inn i ein plan under arbeid for B19.

Det vert vidare peika på at vegen i frå Kyrkjebrua fram til Russebøvegen truleg må utvidast/omleggjast. Dette vil vere Kråvegen og Prestegardvegen. Desse vegane er regulert i reguleringsplanen Ørskog Bygdepark, stadfesta i 2001. Det er i denne planen også tatt omsyn til at vegen skal føre fram til eit hestesportsenter. Vidare så ligg Kråvegen, som omtalt, også innanfor plan i arbeid for B19.

NVE rår til at enten at NGI sine aktsemdskart blir lagt inn som omsynssone i plankartet med tilhøyrande føresegn som forbyr tiltak med sikkerheitsklasse S2/S3 eller at det vert utført ei skredfarevurdering.

Plan Vest utarbeida eit forslag til ny føresegn som er førelagt NVE. NVE meiner føresegna er lite fleksibel men har ikkje merknad utover dette.

Da arealet som går under bestemmelseområde #1, i utgangspunktet, ikkje er tenkt nytta til noko tiltak vil ikkje ei føresegn som hindrar tiltak, utan nærare klarlegging av rasfaren, vere til noko ulempe. Da område kan vere rasfarleg vert det vurdert som hensiktsmessig at ein ikkje tillet tiltak i det heile før område er nærmare klarlagt. Det vert derfor rådd til at ein endrar føreskrifta sitt punkt 6.1 #1 til:

#### **6.1#1 - OMRÅDE MED KRAV OM NÆRMARE UNDERSØKJING**

Innan bestemmelseområde kan det ikkje førast opp bygningar og anlegg for varig opphald eller byggjast vegar eller stiar for allmenn ferdsle før faren for snøras er nærare klarlagt og tiltak for naudsynt sikring er iverksett.

Plan Vest foreslår vidare at inn teikna sti vert flytta ut av sona. Stien som vises i plankartet ligg i grunnkartet til Ørskog Kommune og ikkje i reguleringsplanen. Det kan vere heldig at denne ikkje vises i planen for å unngå misstydingar.

Fylkesmannen peikar på at då hestesportsenteret skal kople seg til den opparbeida landbruksvegen til Hestvika så lyt ein gjere naudsynte avklaringar for å hindre framtidige interessekonfliktar mellom hestesportsenteret og skogsdrift i område.

Vegen er, etter Ørskog Kommune kjøpte prestegarden, ein kommunal veg. Hestesportsenteret lyt få rett til å nytte seg av den kommunale tilkomstvegen.

Eigar av gbnr.: 87/4 peikar på at det lyt takast omsyn til eventuell framtidig skogsdrift i område og at det burde ha vore utarbeida ein overordna plan for framtidig skogsdrift.

Reguleringsplanen for hestesportsenteret vil ikkje endre på skogsdrifta utanfor reguleringsplanen.

Det vert vidare vist til at ein enkel skogsveg i dag går igjennom B19 utan at han har sett planar med tilfredsstillande løysning for denne.

Ein lyt søkje å få til ei tilfredsstillande løysing for denne veggen gjennom reguleringsprosessen av B19. Denne planen er akkurat lagt ut til offentleg ettersyn og høyring.

Møre og Romsdal Fylkeskommune meiner at plana er noko uryddig oppsett og bør strukturerast etter plan- og bygningslova § 4-2. Nokre av verknadsvurderingane framstår meir som "synsing" enn som ein nøytral og fagleg omtale, mellom anna omtalen av skredfare og trafikkavvikling. Ingen øvrige merknader til planframlegget.

Plan Vest As har foreslått å endre planomtalen nokre stader, utan at innhaldet er endra. Endringa er foreslått i hovudsak under punkt 4.5.3 snørås. Denne endringa vert vurdert som ok.

**Rådmannen legg saka fram med slik**

### **INNSTILLING:**

Ørskog kommunestyre har vurdert merknadene etter offentleg utlegging av reguleringsplanforslaget for nytt hestesportsenter, dagset 12.12.12 med føresegnar dagset 07.12.12, og planomtale dagset 12.12.12

Ørskog kommunestyre vedtar å justere planomtalen i samsvar med revideringsforslag utarbeida Plan Vest As, sist revidert 18.03.13.

Ørskog kommunestyre vedtar å justere føresegnene på følgjande punkt:

#### **6.1 #1 - OMRÅDE MED KRAV OM NÆRMARE UNDERSØKJING**

Innan bestemmelseområde kan det ikkje førast opp bygningar og anlegg for varig opphald eller byggjast vegar eller stiar for allmenn ferdsle før faren for snørås er nærare klarlagt og tiltak for naudsynt sikring er iverksett.

Ørskog kommunestyre vurderer at endringane ikkje utløyser krav om nytt offentleg ettersyn eller avgrensa høyring.

Ørskog kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12 detaljreguleringsplan for nytt hestesportsenter, med tilhøyrande føresegnar og planomtale.

### **Behandling i Kommuneplanutvalet den 08.04.2013**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**KP-016/13 Vedtak:**

Ørskog kommunestyre har vurdert merknadene etter offentlig utlegging av reguleringsplanforslaget for nytt hestesportsenter, dagset 12.12.12 med føresegner dagset 07.12.12, og planomtale dagset 12.12.12

Ørskog kommunestyre vedtar å justere planomtalen i samsvar med revideringsforslag utarbeida Plan Vest As, sist revidert 18.03.13.

Ørskog kommunestyre vedtar å justere føresegnene på følgjande punkt:

**6.1 #1 - OMRÅDE MED KRAV OM NÆRMARE UNDERSØKJING**

Innan bestemmelseområde kan det ikkje førast opp bygningar og anlegg for varig opphald eller byggjast vegar eller stiar for allmenn ferdsle før faren for snøras er nærare klarlagt og tiltak for naudsynt sikring er iverksett.

Ørskog kommunestyre vurderer at endringane ikkje utløyser krav om nytt offentlig ettersyn eller avgrensa høyring.

Ørskog kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12 detaljreguleringsplan for nytt hestesportsenter, med tilhøyrande føresegner og planomtale.

**Behandling i Kommunestyret den 25.04.2013**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**KS-034/13 Vedtak:**

Ørskog kommunestyre har vurdert merknadene etter offentlig utlegging av reguleringsplanforslaget for nytt hestesportsenter, dagset 12.12.12 med føresegner dagset 07.12.12, og planomtale dagset 12.12.12

Ørskog kommunestyre vedtar å justere planomtalen i samsvar med revideringsforslag utarbeida Plan Vest As, sist revidert 18.03.13.

Ørskog kommunestyre vedtar å justere føresegnene på følgjande punkt:

**6.1 #1 - OMRÅDE MED KRAV OM NÆRMARE UNDERSØKJING**

Innan bestemmelseområde kan det ikkje førast opp bygningar og anlegg for varig opphald eller byggjast vegar eller stiar for allmenn ferdsle før faren for snøras er nærare klarlagt og tiltak for naudsynt sikring er iverksett.

Ørskog kommunestyre vurderer at endringane ikkje utløyser krav om nytt offentlig ettersyn eller avgrensa høyring.

Ørskog kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12 detaljreguleringsplan for nytt hestesportsenter, med tilhøyrande føresegner og planomtale.

Rådmannen i Ørskog  
Anders P.Grotle

Avdelingsingeniør  
Beate Furstrand